







1	Kven har komponert denne songen? Versjonen vi høyrer er framført av Alanis Morissette og henta frå soundtracket til ein film om komponisten.	
2	«Mussa på stampen» er eit tulleuttrykk som blandar saman ekte ord frå NRK sine fiskerimeldingar, som i nesten førti år vart sende frå studio i Bergen. «Mussa» er eit ord for kva for eit fiskeslag i sitt første leveår?	
3	Kven er den einaste skandinaviske kvinnelege tennisspelaren som har spelt ein Grand Slam-singlefinale?	
4	Mellom kva for to byar ligg det opne havstykket Hustadvika?	
5	Kva for ein gresk matematikar , astronom, oppfinnar og leiar av den Nyplatoniske Skulen i Alexandria vart drepen av byens kristne mobb (Parabalani) i år 415?	
6	Kva to byar , der den eine har vore vertsby for vinter-OL og den andre har vore vertsby for sommar-OL, ligg nærast kvarandre i luftlinje? Det er 80 km mellom dei.	
7	Kva heiter dette sjøbadeanlegget i Oppegård kommune, her representert ved stupetårnet? Det vart bygd i funkisstil på trettitalet, og freda av riksantikvaren i 2012.	
8	Kva for ein oftast oval, piggete asiatisk frukt er kjent som «kongen av fruktar» i Sørøst-Asia, og avgir ein særegen skarp lukt når han er moden og då har skifta frå grønn til gulbrun farge?	
9	I kva filmtrilogi møter vi a capella-gruppa <i>The Barden Bellas</i> , der medlemmene vert spelte av bl.a. Anna Kendrick og Rebel Wilson?	
10	Kva heiter dette dansetrinnet eller armrøyrsla , kor ein stikk ansiktet ned i eine albogen medan andre armen peikar rett ut? Prins Sverre utførte dette på slottsbalkongen i mai 2017 i høve 80-årsdagsfeiringa til kongeparet.	
11	I kva for eit norsk folkeeventyr spelar spørsmålet «Har du sete mjukare, har du sett klårare?» ei viktig rolle?	
12	Kva for ein fransk artist (1913—2001) er mest kjent for songen «La mer» (1945)? Bobby Darin hadde ein hit med den engelskspråklege versjonen «Beyond the Sea» i 1959.	

13	Kva for ein gass framskundar modningsprosessen hjå frukt, og gjer at grønne grønnsaker blir gule, får blaute flekker og går i oppløysing? Frukt og grønnsaker som skil ut mest av denne gassen, er eple, fersken, melon, plomme, pære, banan, avokado og tomat.	
14	Med et namn som tyder «Forandringars bok», kva for ei 2800 år gamal kinesisk samling av spådomstekstar knytte til ein serie på 64 heksagram er etter alt å døme kjelda til omgrepsparet yin og yang?	
15	Kva for eit konsern nyttar denne logoen, som består av ein pingvin og ein globus? Konsernet har hovudkontor i Sandefjord, og har snaue 10 000 tilsette, 1000 av dei i Noreg. Industribedriften er representert med 37 fabrikkar i 21 land.	
16	Kva fransk ord på B nyttar vi om hårfargingsteknikken som har vore på moten i det siste? I staden for å bleike heile håret eller lag som ein dekkjer med folie, malar ein direkte på håret med pensel. Dette gir ein meir naturleg look, ofte vil resultatet etterlikne effekten sola har hatt i langt hår over fleire sesongar med mørkare hår inst, og så lysare mot tuppene.	
17	Kva for ein amerikansk delstat er den einaste som kan skrivast ved å bruke berre ei av linjene på eit querty-tastatur? (q—å, a—æ eller z—m)	
18	Kva for ein gresk bokstav er dette?	
19	Kva heiter flygaren som var den første til å bryte lydturen i flyet Bell X-1 i 1947, då han oppnådde ein fart på MACH 1,06?	
20	Noreg har gjennom historia teke sju OL-gull i friidrett. Fire av dei i spyd, eitt i 10-kamp og eitt i 5-kamp. Kva øving manglar?	
21	Den 30. januar 1968 starta den nordvietnamesiske hæren og FNL eit langvarig angrep på sørvietnamesiske og amerikanske basar. Kva kallar vi dette angrepet , med namn etter det vietnamesiske ordet for nyttår.	
22	Kven var manager for the Rolling Stones frå 1963—67? Han starta også plateselskapet Immediate.	
23	Kva for eit japansk omgrep nyttar vi om å kjøpe inn komponentar akkurat når dei trengst i produksjonen, for å minimere lagerhold. Metoden er utvikla av Toyota. Dette inngår gjerne i det vi kallar just-in-time (JIT).	
24	Kva for ein type kunst driv den dansk-norske kunstnaren Karen Bit Vejle (f 1958) med? Ho har hatt utstillingar over heile verda, hatt offentlege utsmykningsoppdrag og laga platecover for Åge Aleksandersen. Ho har også blitt laga ein dokumentarfilm om. «Ballerina Bulldog» er ein sentral figur i nokre av verka hennar.	

25	Kva for ein politikar er dette: Han var planleggingsminister i 35 dagar i Thorbjørn Jagland si regjering hausten 1996. Han trekte seg etter at det vart kjent at han hadde unnlate å føre opp ein aksjegevinst på 600.000 kroner på sjølvmeldinga. Han var også ein sentral aktør under utforminga av Oslo-avtalen i 1993. I 1999 vart han utnevnt til visegeneralsekretær i FN.
----	---